

## Helseteam

Helseteam er eit tverrfagleg team for Radøy kommune som består av barnevern, PPT, helgestasjon og kommunepsykolog.



Tider for helseteam 2017/2018
16. november
8. februar 2018
12. april 2018
7. juni 2018

Teamet drøftar bekymringar knytt til enkeltbørn eller gruppe. Det kan vera bekymringar som emosjonelle vanskår, åferdsvanskår, sosiale vanskår, lærevanskår eller andre tilhøve.

Hensikta med eit tværfagleg team i kommunen er å fremje god utvikling ved at foreldre /føresatte, og ansatte ved skule og barnehage kan søke råd i ei vanskeleg sak. Helseteam kan også sjåast på som eit førebryggande tiltak i kommunen.



Foreldre/føresatte kan ta initiativ til at ei sak vert tatt opp i helsteam. Dette kan gjerast på eige initiativ eller via barnehage eller skule. Helseteam kan ta opp anonyme saker som er meldt til helsteam. Ein kan då drøfte og søke råd i ei problemstilling utan å knytte det til eit bestemt barn. Medlemmane i teamet har taushetsplikt.

Helseteam held til på adresse Radøyvegen 1625b og det er satt av tid torsdagar frå kl. 14.00 – 16.00. Saker inn til helsteam kan leverast til familiertettleiar Geirunn Valdersnes, helst ei veke før. Tlf. 56 34 92 80, e-post: geirunn.valdersnes@radoy.kommune.no



**RADØY**

den grøne øya




**RADØY**

den grøne øya


# Tiltaksplan ved

## Skulefråvar



## Kva er høgt skulefråvær?

Det er viktig å sette inn tiltak så tidleg som mogeleg dersom ein elev har høgt eller aukande skulefråvær. Dette gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven er borte frå skulen då vi veit at fråvær går utover elevens læring, og kan gi store sosiale og emosjonelle konsekvensar.



Fråværsplanen tar utgangspunkt i at skulen skal vere merksam på alle typar fråvær, og vurdere tiltak når fråværet overstig grensa som er satt.

I Radøy kommune blir skulefråvær definert som høgt dersom:

- Eleven er borte frå tre enkelttimar utan oppgitt grunn
- Eleven er borte tre dagar i løpet av ein månad
- Eleven kjem før seinst to gonger i løpet av ei vekke
- Eleven møter på skulen men førløt undervisninga

Dese grensene er satt for å sikre at tiltak blir satt i gang tidleg i prosessen og for å hindre at skulefråvær blir langvarig.

## Kva skjer når ein elev har høgt skulefråvær?

1. Kontaktlærar kallar inn til samtale med elev og føresette for å avdekke årsak til fråvær og samarbeide om tiltak for å redusere fråvær.
2. Etter to veker skal kontaktlærar, føresette og elev evaluera situasjonen.
3. Dersom fråværet held fram, kallar rektor/leininga inn til tilaksmöte med kontaktlærar, helsesøster og føresette. Det vert vurdert i kvart tilfelle om eleven skal delta.
4. Situasjonen skal evaluerast innan to veker.
5. Dersom saka er samansett og ein treng vurdering frå fleire faginstansar brukar ein helseteam eller andre hjelpeheltenester som t.d. PPT, kommunepsykolog, barnevern eller fastlege.
6. Tenestene følgjer opp saka i samarbeid med heim og skule.

Heile tiltaksplanen er tilgjengeleg på  
Radøy kommune sine nettsider  
<https://www.radoy.kommune.no/ppt>